

Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2006
Utgjeve av Os Mållag
22. årgang



Gammal
og ny tid



Osingen 2006

Utgjeve av Os Mållag

INNHOLD:

«Tio har gått med store steg»	3
Frå Seim til Os	3
<i>Lars Skorpen:</i> Karolinen i Samnanger	4
<i>Olav Molven:</i> Daniel Grindevoll – lærar og motstandsmann	7
<i>Olav Molven:</i> Songaren	11
Søndagane med tog	11
<i>Terje Bøthun:</i> Symjesporten i Os	12
<i>Kåre Herdlevær:</i> Paul Moberg sitt Misjonssogeatlas	17
Til skulen frå Sørstrøno til Nordstrøno....	17
<i>Åsmund Lien:</i> Men Maalmennene gjeng som Villdyr	18
Arven frå vikingtida.....	21
<i>Hilde Marie Årdalsbakke:</i> På kanten av stupet	25
<i>Olav Molven:</i> Storfisken	27
Amalgam	27
<i>Elevar frå Hegglandsdalen skule:</i> Barnesider	28

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Terje Bøthun
Terje Hatvik
Kåre Herdlevær

Trykk: Grafisk Team as Bergen

Til lesaren

Noregs Mållag rundar i år 100-årsmerket. Eit hundre år i strid for norsk mål. Ja, strid har det vore. Heile tida. Årsskriftet «Osingen» markere dette med ein artikkel av nestleiaren i Noregs Mållag, Åsmund Lien. Han er kjend for arbeid med den nynorske skriftkulturen gjennom mange tiår. Men i denne artikkelen gjev han oss eit innsyn i målarbeider for Noregs Mållag vart skipa i 1906.

Har arbeidet for bruk av nynorsk bore frukter? Svaret er ja. Fattalar som skriv på nynorsk og får heiderleg omtale er etter kvar blitt daglegdags kost. Sjovt om skulekrinsar har falle så har likevel ikkje bruk av nynorsk gått tilbake. Men det har ikkje vore så lett å få nynorsk brukt i forretningslivet. Men no ser vi også ei lysning her. På framsida i siste nummer av bladet «Norsk Tidend» står det med feite typar: **Nynorsk på Rema 1000.** Vidare står det: Den nye Rema 1000-butikken i Volda kan som første butikk i landet, skilte med nynorske skilt i butikken.» For oss, som tidlegare har helsa Drageset-konsernet sin bruk av nynorsk i forretningane velkommen, kan påstanden vera feil. Men når det så vert lagt til ordet «landsomfattande» er vel påstanden rett. Truleg vil andre koma etter.

Helsinga til lesaren i fjor var: «Men vi har den tru at det er nok av personar i Os som brenn, både for lokalhistorie og nynorsk.» Det er det. Terje Bøthun og Terje Hatvik er nye i skriftnemnda. Begge sit inne med gode lokalhistoriske kunnskapar og brenn for nynorsken. Framtida for årsskriftet «Osingen» er sålcis sikra.

Kr. 40,-

«Tio har gått med store steg»

Dette er tittelen på eit lite hefte som er laga av dei som bur i Gamleheimshagen. I forordet heiter det: «I orda som er skrivne ned, kjem interesser og livserfaringane frå tidlegare yrkesliv fram. Orda blir som små skildringar frå livet.» Årsskrifter har fått løyve til å gje nokre smakebitar frå heftet.

Fra Seim til Os

Først til Isdalsstø
Så med ferjo til Steinestø.
Trødde gjennom Åsane
Til Bergen, og vidare til Os. Det var krig,
I Finnbrekko ropte tyskarane «holt».
Eit gevær i ryggen saman med orda.
Eg trødde.
Snudde meg ikkje
før eg var heime
i Hegglandsdalen.



Tio har gått med store steg

Karolinen i Samnanger

At rose målinga er med på å kvalitetssikra kulturarven i Osbygda, vart synleggjort i Oselvarnaustet ei veke midt i oktober. I ei flott utstilling fekk vi fram i lyset rosekunst gjennom 200 år i bygda. Og no som før høyrdé ein det spennande spørsmålet stilt: Kven var den første? Kan det ha vore ein svenske? Med utgangspunkt i at forskaren Nils Georg Brekke ser klår likskap mellom dalamålinga i Sverige og osmålinga filosoferer Lars Skorpen over dette i boka «Rosemålarane – ei slektskrønike»:

Tekst: Lars Skorpen
Foto: Arnhild Skorpen



Når vi no nærmar oss tidleg 17-hundretal – utan særleg anna skriftleg å halda oss til enn kyrkjebokene – må vi ty til tankar, teft og tru. I denne grenseoppgangen mellom fakta og fabulering kan vi sannsynleg gjera, men ikkje stadfesta – vi kan påpeika, men ikkje påstå.

La oss oppsummera kva vi fann på vegn bakover hundreåra i rosehistoria. Johannes Tveiterås den eldre (1763-1842) skal ha vore den første rosemålaren i bygdene våre. Historikaren Nils Tveit (1876-1949) påstår, utan reservasjonar, at også far hans, Johannes Arneson Skulstad (1713-1801) kunne kunsten. Henrik Lien støttar dette fullt ut. Nils Tveit hevdar at han lærde handverket av hallingdolar midt på 1700-talet. Men korkje kunstverk etter Skulstad (seinare Tveiterås) eller dei tidlege hallingdolane har late seg oppspora i ettertid.

Viss vi vel å stola på bygdebokforfattaren Nils Tveit sin påstand om tippoldefaren som rosekunstnar, står vi ved eit vegskilje. Kan kunsten ha kome langvegs frå endå ein generasjon tidlegare? Bak ostringen Johannes Arneson Skulstad finn vi nemleg ein annan Nils Tveit (d. 1733) på Tveiterås. Vi snakkjer om far til Marita og dermed svigerfar til Johannes. Han hadde teke seg til Tveitnamnet etter Samnangergarden han hadde før han fekk skøyte på Tveiterås like før han døydde. Men han vart døypt Nils Persson Smedby i Medåkerkyrkja utafor Arboga i Sverige – på nordsida av Hjälmaren, 15 mil vest for Stockholm – den 3. juni 1696. Vi kjem til å gi han rom og tid i tekst og tanke av fleire grunnar.

Etter ei stund som dreng hos bror sin heime på Smedby – nordvest på den vide og grøderike Medåkersletta, kjem han i kongens teneste som 18-åring. Han blir innrullert som soldat nr. 143 i Strømsholms kompani og flyttar vinteren 1715 inn på soldat-torpet Ståltorp i nabosoknet Himmets, og heretter blir han heitande Nils Stålby.

Det er vår i lufta, og Vincents Budde marsjerer mot Moss i spissen for 1000 mann frå det 2. trondhjemske regiment. Admiral Gabel seglar med flåtestyrken sin ned i Mossesundet og set i land oberstløytnant Hvitfeldt i spissen for 560 mann litt nord for byen. Den svenske oberst Falkenberg med sine 2000 mann i 1. bataljon av Västmanlands regiment blir fullstendig overrumpla. Likevel ropar den uredde, svenske obersten: «*Vi kämpar till sista mannen!*»

Vi snakkjer om «Den store nordiske krig» og Karl den 12. sine svenske soldatar. Slaget om Moss startar kl. seks om morgonen den 23. april 1716. Dagen etter dør oberst Falkenberg av såra sine, og alle overlevande svenske soldatar, 522 i talet, blir tekne til fange. Mellom desse er den knapt 20 år gamle fange nr. 37, «Niels Pehrson Staalboe». Dei norske styrkane har fått eit problem. Korleis skal slike behandlast, transporterast og plasserast? Det blir til at dei sigrande regimenta sender ein flokk fangar til garnisonen i heimbyen. Såleis hamnar fange nr. 37 på Bergenhus sommaren 1716.

Samstundes saknar storbonden i Samnanger, Peder Hansson Tysse, hjelp på gardane sine – han har truleg ti i talet. Fangane finst hjá futen i Søndre Bergenhus og Hardanger som held til på Reksteren. Peder li-



Døpefonten i Medåker kyrka. Medåker kyrka.

kar den høgvaksne karen i blå uniform som han finn på futegarden og tek han med i kyrkjebåten til Tysse. I spissrotgang mellom spyttande ungdommar og fiendtlege framandfolk foler Nils seg mest som eit dyr. Men akkurat då ser han henne. Ei nydeleg lyslokka ungjente. Det første trøystande teiknet på venskap sidan han vandra over grensa. Ganske fort finn Nils vegen fram frå slavestatus, som berre fostrar forakt frå folk flest, til dugeleg dreng mellom andre drengar. Både husbondsfolket og dei fleste fell pladask for denne flotte fyren som får folk til å le og koma i godlag. Han har ei hjelpende hand og ei godt ord der det trengst.

Nils Lauvskard refererer i bygdeboka «Samnanger» korleis gamle Anna Nordvik málbar segna om svensken som sette seg så fort i respekt rundt Samnangerfjorden: «Han heitte endå Nils denne svensken, og dei vart ikkje vanhjelpte med nyedrengen, han var både hag og hendifig, både stor og sterk, så det var vandelaust å setja honom til kva arbeid som fyre fall. Og det var ratt ein triveleg kar, stillfarande og smålåten; men morosam og smålogjen øg stundom. Både husbondsfolk og tenrarar tykte vel um svensken, og ho Anna, dotter i huset, var ikkje minst glad i honom; men so stilt gjekk det, at ingen fekk vita kva dei hadde seg imillom.»

Anna var eldst av tre barn, og den sommaren ho fylte 19 år, var ho budeie saman med tenestejentene på Tyssegarden sin stol ved sørenden av Smådalsvatnet. Med fare for bjørn tok Nils med seg flintlåsbørsa for å passa på jentene. Og i lyse sommarnetter fekk Anna høyra

om Smedby, Stältorp, den vide og flate Medåkersletta, om familien heime, krigen og fangelivet. Seinhaustes 1719 måtte Anna fortelja mora at ho skulle ha barn, og at Nils skulle bli far. Først vart Nils jaga, men Peder hadde nok ikkje rekna med reaksjonen til Anna, som sa ho ikkje hadde noko å leva for lenger. Faren kunne ikkje takla tanken på at ho ville kasta seg i Tysse-elva, og Nils vart henta heim att frå byvegen til Bergen.

På etterjulswinteren 1720 vart det så stelt i stand til storveges bryllaup som truleg vart tura både tre og fire dagar. Medan skautebrura vart pynta på stabburet – ei gravid brur kunne ikkje bera krone – seier segna at Nils blei stoppa på tunet av Peder, som sikta på han med børsa si. Svigerfaren hadde slite med den tanken at det var feigskap som fekk han i fangenskap. Det var allment kjent at Karl den 12. sine soldatar skulle vinna eller døy. Men Nils rusla roleg i møte med Peder og sa klart og tydeleg: «Skjuta bare du om du tror det hjälper nogot. Jag har stått för skått förut.» Då senka Peder børsa, blir det sagt.

Dei nygifte flytta inn på garden Tveit etter at den 22 år gamle Nils hadde reparert stove, løe, stall, flor, sauefjøs, stabbur, eldhus, smie, kvern og stolshusa som høyrdé til garden. Peder Hansson Tysse var eigar og Nils brukar. Han flytta inn med Anna og medgifta hennar; husdyr, reiskapar og inventar som trongst. Slik vart dei buande lenge. Huset vart etter kvart fullt av småbarn, og i 1732 fann Peder ut at den dyktige svigersonen skulle skrivast som sjølevigande bonde. Han fekk skøyte både på Tveiterås og den eine Langelandsgarden.



Smedby

Men no kunne det kanskje vera det same for Nils. Ein influensa-liknande sjukdom spreidde seg frå Russland og vestover i Europa. I dei fem sokna i Os prestegjeld – Os, Strandvik, Fusa, Hålandsalen og Samnanger – døydde over hundre menneske på vårparten i 1733. I Samnanger gravfesta presten 27 døde frå soknet den 10. mai. Den første som er ført inn i kyrkjboka denne dagen er Niels Peders. Staalby.

Anna flyrte med dei sju barna sine til Langelands-garden, og det åttande kom like etter at Nils døydde. Då sørgeåret var over, gifta den 34 år gamle Anna seg opp att med den ti år yngre eldsteguten på eitt av brukka på Tysseland. Dei fekk tre barn saman og budde på Langeland resten av levetida si. Anna døydde i 1780, 80 år gammal.

Nils og Anna hadde, som sagt, åtte barn saman og sju av desse hadde etterkomstrar. Karolinien hadde 46 barnebarn, 127 oldebarn og om lag 320 tippoldebarn. Desse budde for det meste i midthordlandsbygdene og Bergen og er blitt mange fleire med åra. Seniorgenerasjonen no til dags er sjumennen, og slike slektningar finst nok også i Sverige. Nummer to i rekka av Nils sine barn heitte altså Marita etter mormora si, og ho var det som gifta seg med Johannes Arneson Skulstad.

Underteikna uttrykte for nokre sider sidan at det var fleire grunnar til å gi Nils Persson Smedby rom og tid i tekst og tanke. For det første er han ein spennande person som folk framleis – etter snart 300 år – blir fascinert av og snakkar om i godt lag. Men viktigare, i denne samanhengen, er sjølvsagt den tirrande tanken at akkurat han kan ha vore den første rosemålaren i bygdene våre. Forskaren og forfattaren Nils Tveit (1876-1949) påstår at svigersonen, Johannes Arneson Skulstad, kunne kunsten. Kven skulle han ha lert av? Han var tjue år mens svensken framleis levde. For tidleg å gå på jentejakt etter Marita, som var ti år yngre. Men sidan ostringen seinare hamna på dei kantar, kunne han nok tidleg vore i teneste som dreng på Tveit hos karolinaren og kona. Og dermed der og då lært noko som Nils hadde med seg heimefrå. Kan det vera tilfeldig at Dalamålinga og Osmålinga har påfallande likskap?

Atle Austestad – ein av sjumennenane – uttrykkjer det slik i den vesle boka om svenskja: «Dottersonen til Nils heitte Johannes. Han voks opp på Tveiterås. Johannes Tveiterås blir rekna som far til Midhord-



Stålby

landstradisjonen (Os-målinga) i rosemåling der fargerike fantasiblomar omkransar eit arkitektonisk hovudmotiv. Desse elementa er også karakteristiske i dei svenska »dalmålningarna«. Forskarar har leita etter eit samband mellom Midhordlandsbygdene og Dalarne som kan forklara dei påfallande parallellane mellom dese to rosemålingstradisjonane.

Nils hadde vore dod i 30 år då barnebarnet Johannes Tveiterås vart fødd. Det kunne vore ein spennande tanke at det har funnest rosemålingar og motiv etter Nils som svigersonen Johannes Skulstad Tveiterås og seinare dottersonen Johannes Tveiterås har brukt som modellar eller mønster- og utvikla vidare.» Så langt Atle Austestad.

Det er denne spennande tanken underteikna har falle for og har stor tru på. Kvifor skulle ikkje Nils frå Mediåkersletta i Västmanlands län – som var så dyktig til mangt og mykje – kunna kunsten å rose-måla? Dette spørsmålet kan ein vel kanskje aldri få eit sikkert svar på. Men indikasjonar og indisium finst flust av. Difor har vi sett han inn i den samanhengen vi trur han hoyrer heime og dermed fortener.




Foto utlånt frå «Gløyemebok»-samlinga.

Av Olav Molven

I bokhylla mi står tredje utgåve av tobindsverket «Vår gamle bondekultur», og i bind 2 ligg gratulasjonskortet til han eg «arva» bøkene etter.

Bokgevarane er godt vaksne, velvyrde osingar frå yrkes- og kulturliv, styre og stell, tidlegare elevar som i 1971 helsa læraren sin på 85-årsdagen. For i skulestova hadde nok han, Daniel Grindenvoll – i tillegg til bokleg lerdom – gjeve dei meir å ta med seg av varig verdi. Dessutan må han visseleg ha markert seg elles også, sett seg i respekt, kanskje tent som førebilete i ulike samanhengar?

Eg meiner bestemt at det var slik for gratulantane i 1971. Med gâve og gode ynskjer ville nettopp dei takke lærar Grindenvoll for eit langt, innsatsfylt og innhaldsrikt liv, forma og farga av meir enn skulestova, og då alltid med bygda sitt beste for auga.

Ser vi difor nærmare på Daniel Grindenvoll sin livsveg, kjennest det rettkome å minnast han i «Osingen». Men artikkelen er i hovudsak ei todelt, avgrensa biografisk tilnærming til mannen og mennesket – tufta på ein del sikre opplysningar, farga av ein tidlegare elev sine opplevingar i skulestova og elles, «arvegods» han sit på, og tankar han har gjort seg.

Oppvekstår

Daniel Grindenvoll (DG), fødd 14. august 1886, var andre sonen til bonde Steffen Grindenvoll (1859-1931) og kona Anna (1861-1937). Han var såleis 7 år hausten 1893, og mellom førsteklassingane som då tok til på Skeie skule, i eige skulehus, i ny skulekrins for Nore Neset (Skorpen 2003).

Korleis gjekk det så med Daniel på skulen og elles, fram til han drog heimanfrå for å utdanne seg til lærar? Veit eg noko om det? – Nei, eg er diverse framleis utan pålitelege kjelder, direkte frå DG si hand eller via andre, og må difor nøy meg med eigne tankar om dette. Eg trur for det første at Daniel må ha likt seg på skulen, at han tidleg fann hugnad i bokleg arbeid. Dessutan tyder mykje på at han kom frå ein heim som såg klare verdiar i samvitsfull innsats, også i skulestova. I slekta var det såleis tradisjon for breitt engasjement i styre og stell. Faren var «ein vyrd mann i bygdi og hadde ei mengd med tillitsyrke» (Tveit 1941). Difor må dei ha «følgt med» heime, kanskje til og med tidleg hatt tankar og meininger om framtidig yrkesval for denne sonen. Bonde kunne han no i alle hove ikkje bli.

Dei har sikkert vore klare over at lærarutdanning låg til rette for landsgutar som valde skulevegen, for i samtida var just lærarar av bondeslekt i sterkt overvekt i skulestovene.

At «lysthavende, adstadige og gudelig sinnede Bondedrænge» – vart tenelege pedagogar var kjent frå gammalt av (Tveit 1986, Skorpen 2003). Dessutan, ein farbror til faren Steffen hadde vore første utdanna lærar i Os før han reiste til Nordfjord og Davik, men kom attende på sine eldre dagar. Han kan ha orda frampå med eitkvart. Vi kan heller ikkje sjå bort frå at Haldor Midthus, ein sentral person og lærar i bygda (Tveit 1985), har vore inspirator og rådgjevar for sambygdingar som hadde «gåverik ungdom» i heimen.

Kva DG gjorde i åra etter folkeskulen og fram til han tok til på lærarskule som 18-åring skulle eg sjølv sagt gjerne ha visst. Han må då ha teke seg til noko, vore til hjelp og nytte heime og elles? Kan han ha vore sjuk ein periode? Prøvde han seg som lærar? Det ville og vore gildt med kjennskap til hendingar, tankar og synspunkt som var med og prega ungdomstida, fortalt i ettertid av hovudpersonen sjølv. Skrivefør som DG var, trur eg han kan ha laga eit attersyn som sidan er kome bort. Ein heil del papir vart i si tid diverse kasserte, fleire år etter at han var avliden (Sæbø 2006).

Likevel, tida og samfunnet han var ein del av kjenner vi godt. Såleis må alt som hende med landet fram mot 1905 ha verka sterkt på ein open hug, lagt eit viktig grunnlag for DG sine haldningar og hans samfunnssyn.

Utdanning

Då DG tok til på lærarskulen var utdanninga to-årig for så å bli tre-årig i 1906. Dette kan forklare kvarfor han ved eitt hove oppgir at han tok eksamen ved Stord lærarskule både i 1906 og 1907 (Espeland

1934). Seinare skøyte han på med hagebrukskurs, gymnastikkurs, språkkurs og songkurs (Espeland 1934, Bakke 1952). Etterutdanninga vitnar om ein samvitsfull lærar som aukar eigen skuleveg for å kunne løye nye og ulike pedagogiske oppgåver. Måler tykkjест sjølv sagt og heilt i tråd med arven heimanfrå: Ein pliktar å gjere ein respektabel innsats.

DG utvida også sin totale kompetanse ved å ta del i styre og stell, ta ansvar utanfor skulestova, løye samfunnsoppgåver som i ei viktig bok om folkeskulelærarar vert klassifiserte som «Politisk, Sosial og Kulturell Innsats» (Strømnes 2006). Han skaffa seg verdfull kjennskap til bygda og folket utanfor skulekvardagen, og veks visseleg på det, som pedagog og oppsendar – som lærar og menneske.

I Os vart såleis DG ein lærar i «posisjon» og inngår, slik eg tolkar det, mellom alle dei Strømnes har tufta viktig gransking og informative konklusjonar på.

Tenestestader

DG starta austpå, i Risør, men vart ikkje lenge der. Han lengta vel heim til Vestlander, venta berre på første sjanse til å dra dit? Så – alt året etter, i 1908, finn vi han i Os som vikar i hovudkrinsen året før han vert lærar i Klyva krins. Tre år seinare, i 1912, startar han i Os krins der han gjer teneste til pensjonsalder 70 år, i 1956, for så etter ynskje frå skulen å skøyte på med eitt år som vikar.

I skulestova

Korleis var DG som lærar, i elevaugo? Også hans elevar – som andre – har nok site med ulike opplevingar og roynsler frå fellesskapen med lærar og medelevar, frå strev med lesing og skriving, rekning, bibelsoge, landkunne, tamefag og andre utfordringar. Naturleg nok haustar ikkje alle likt frå skuletid og skulearbeid, trivnaden vert ikkje eins. Skuledagar sit ofte att som svært ulike livsminne. Likevel, eitt kan truleg alle samstavast om som har site under DG sitt kateter:

Han var endefram og jamnast svært så rettvis, slett ikkje utan god smil og humoristisk sans, men framfor alt bestemt, myndig. Slik venta ein vel og at ein dugande lærar skulle vere i stor-skulen, der det gjerne var trong til meir bastant autoritet enn mellom dei yngste borna, dei lærarinnene tok seg av.

Matte han vere streng, var han – slik eg hugsar det – aldri av den harde, autoritære og skremmande typen. Ein sjeldan gong vart «spesialgrepet» nytta – tak i øyreflippen, litt press med tommel mot peikefinger, og ein varsam vri oppover. Dermed vart alvoret i situasjonen understreka utan at han matte heve røysta. Slik var det i vår tid, og eg meiner vi borna ikkje såg på denne handspåleggjinga som urimeleg. Kvassare lut kjende vi til, visste at den var ei privat sak, eitkvart for heimen, og slik sett i samsvar med skulen sitt syn.

Samstundes sansa vi gjennom åra eitkvart frå bortanfor skulemeisteren, pedagogen med rettleiing og bokleg kunnskap. Ein elev opplevde dette sterkest då DG tok farvel med klassen siste året, summere opp viktige sider ved skulekunnskap, og tala om kva framtida bar i seg av utfordringar.

Eg trur vi alle, om enn litt ulikt – nokre i skulestova, andre utanfor – fekk med oss ein flik av ein menneske som stod trygt i samfunnet som omgav oss, var ei fellesfeige, ein resurs i bygda. Det låg tvillaust eitkvart i røysta, ei stemme fleire enn eg fann særleg glede ved då han over ei tid las til oss frå ei spanande bok. Vi merka oss såleis talemåten, men «såg» vel dessutan ein kvasstenkt og aktiv, roynd mann med brillar og bart, rettryggja og målretta med kvikke rørsler, ikkje minst då han gjekk, og ganglaget kvilde



Os lærarlag i slutten på 1920-talet. Framme frå venstre: Johan Myrtveit, Søfteland skule; Anna-Marie Saakvitne, Søre Øyane skule, seinare Nore Neset; Jørgine Bjånes, Os skule; Malena Rød, Arbeidsskulen for jenter; Katrine Kronstad, Os skule; Maria Særvoll, Lysekloster skule; Tørbjørn Vik, Os skule; Hartvig Evenstad, Nore Neset skule. Ståande bak frå venstre: Jakob Djuvik, Os skule; Georg Johnsen, Søre Neset skule; Olav Skorpen, Hegglandsdalen skule; Hans Bothun, Søre Øyane skule; Nils Amundsen, Lønningdal skule; Daniel Grindenvoll, Os skule; Paul Moberg, Nore Neset skule; Nils Midthus, Lysekloster skule. Biletet må vera teke mellom 1925, då frk. Saakvitne kom til Os, og 1929, då både Amundsen og Johnsen reiste. Foto frå «Skeie i skulesoga»

på stokken han måtte lite på. «Daniel Grindenvoll var sjølve grunnfjellet i Os-skulen. Stokken stempla golvet når Grindavollen kom». (Keys, Øvrebo & Kristiansen 2006) Ingen andre flytta seg på det viset.

Biletet og teksten frå «Gløymeboka» fortel mykje. Den høgt vyrde lærar og skulestyrar – tradisjons-beraren – sit der fremst mellom gode kollegaer. Born er til stades. Her markerer autoritet på ein fredfull og roleg måte, verkar trygg medan tankane sikkert grip og følgjer stunda; hans lange arbeidsdag i skulestova vert fortid når han no tar farvel. --- At Sigurd Bugge fekk i oppdrag å måle DG, visstnok etter initiativ frå fleire, seier og sitt om posisjonen lærar Grindenvoll hadde gjennom 50 år i Os-skulen.

Motstandsmannen

Det var ingen som trong tvile på kvar dei hadde DG under okkupasjonen. Hans åferdstrekk og personlegdom, hans sosiale og politiske bakgrunn tilsa at han ville vere aktiv på motstandssida. Så framsto han då også som uredd, direkte, djerv og dristig både i ord og handling, heilt ut til å lite på for gode nordmenn.

DG arbeidde ope, men også i løynd. For innsatsen vart han heidra av motstandsrorsla i Os med eiga gave. Ei utskjæring i tre frå Jacob Hjelle si hand, var opprinnelig tiltenkt «stemmen fra London», Toralv Øksnevad, men vart gjeven til Daniel Grindenvoll som vel fortent takk og helsing (Sæbø 2006). Og DG si røyst frå Os er tatt vare på, er framleis å finne i NRK sitt arkiv (NRK 3123). I

opptaket kalla «Opprulling av Milorg på Os», skildrar han i stutte trekk korleis det gjekk til då heimefronten i Os vart infiltrert og berrstilt ved hjelp av lokkedue, og kva følgjer dette fekk i løpet av nokre månader frå september 1944 av. Vi merkar DG si innleiving, korleis han ser opp til dei uredde ungdomane som utgjorde motstandsrorsla, til deira foreldre og syskin, og korleis han harmast, ja djupt foraktar framferda til motstandarane. Vi lyttar til ein mann som ordlegg seg godt, har tydelege svip av folketalaren i seg. Han er ein som er van med både å stå fram og nå fram med røyst og bodskap.

Open aktivitet

Jau, DG stod fram, tala klårt og tydeleg, fann sin naturlege plass i den sivile motstanden. Han var, om naudsynt, villig til å betale prisen. Difor vart han m.a. ein sentral person ved tre minnerike samkomar i Os i krigsåra: Olsokstemna 29. juli 1941, heidringa av Nils Tveit på 66-årsdagen 8.januar 1942, og samlinga av lærarane i eigen heim 28. februar samme året.

Ved Olsokstemna hadde DG ein appell som han avslutta med sitat frå Snorre for retteleg å understreke Noreg som eige rike: «Fram krigsmenn, krossmenn, kongsmenn!» (Haga 1980). Ikke uventa medførde Olsok-stemna innkalling til Ortskommandanten for å ta imot åtvaring. DG og andre vart trua svært så kvasst. «Visse personar eggja folket opp osv.» (NRK 3123). Her skulle skremmast til tagnad, rådøyse og inaktivitet.

Løynd teneste

Og DG spela ei rolle også i det løynde motstandsarbeidet i Os. Han var tidleg ein nytig og verdfull hjelpar for «krumtappen i den underjordiske aktiviteten» i Os, Jacob Hjelle (Haga 2004). Av boka «I mulm og mørke» framgår at DG ikkje var vanskeleg å be om å gå til presten for å skaffe bokutskrift frå ei bestemt årsklasse. Oppglødd tok han slik på seg å hjelpe til med å redde ungdomar frå Arbeidstjenesten og det som verre kunne bli.

Seinare vart DG «utsend» til sjukestova på Gamleheimen for å kontakte ein klein milorg-mann, ein våpensmuglar. Då syntet det seg at «smuglaren» alt var send til sjukehus i byen, slik at «gamelæraren» ikkje fekk løyst oppgåva heilt ut. Det kunne han derimot med den neste utfordringa:

Etter arrestasjonane i Os hausten 1944 tok nemleg DG initiativ til å hjelpe familiar som var ille ute og trong pengar og anna som var viktig ved innkjøp til barn og vaksne. Han gjekk sjølv til heller velstilte innbuarar, ba om kapital, og vart aldri avvist. Han oppretta kontakt med forsyningsetaten som hjelpte med det som var naudsynt derifrå. Og kven andre sat der i sentral stilling – også som motstandsmann – enn Nils Tveit, ein nær kjenning og samarbeidspartner gjennom mange år (Grindenvoll 1980), mannen DG visseleg såg opp til, vurderte som «hovedsmannen» i Osbygda. Så sat DG utover i natta og skreiv namn med keiva på hemmeleg verdipost som deretter skulle til motakarane i loynd. Pålitlege hjelparar fordelte breva. Dei røpa aldri kvar dei kom frå.

Etterord

I 1966 fekk Daniel Grindenvoll Kongens fortjenestmedalje som påskjøning for stort og vidfremnande arbeid gjennom mange år.

I søknaden vart sjøvsagt både langvarig og trufast lærarteneste og innsatsen i krigsåra framhalde. I tillegg kom dei mange kommunale tillitsverva, edruskapsengasjementet, organisttenesta, og talaren og folkeopplysaren som fekk leiararbeidet i sogenemnda då Os heradstrye i 1951 vedtok at Nils Tveit sitt store sogearbeid skulle først vidare Oppdraget vart fullført i 1964.

Daniel Grindenvoll gjorde ein stor og mangslungen innsats i og for bygda si. Det rår det ingen tvil om.

Noko av innsatsen er peika på i denne artikkelen. Mykje står att for den som vil trø mannen og livsverket nærare.

Lærar Daniel Grindenvoll døydde 12.mars 1973, nær 80 år etter sin første skuledag.

Takk til mange gode hjelparar, og ei særleg takk til Lars Skorpen, trufast kommentator og rettleiar.

Kjelder:

Os-soga, ei rekkje bøker o.a. Liste kan ein få hjå forfattaren.

Norges Lærersamband,
Kristian Augustsgt. 19,

Underskrivne finn at vi ikke kan vera
med og gjøye krigs ingsdom oppføring eller dei
noko politisk line, då det sinder mot vårt samvirke.
Då medlemskap i Norges Lærersamband eller
frægen for landsleidene u.s.a. legg på oss i
vera med og gjøra vårt til ei tövori oppføring,
og derlik et andre kvar sone strider mot vårt
samvirke, finn vi til rett her å slia frå at
vi ikke kan fåa oss hjälve sone lagstilling
i Norges Lærersamband.

Os pr. Regn 20/2-42

Leighen leirk. kina Bjørne J. K. Djurik. Harvøg. Boenøys.
Paa Bokhol. Gile Totleeg. Grindenvoll. Mr. Gjessup.
Anna Gia Spine-Lunde. Helene Grønstad. Henrik Hansen
Joh. Nyrbukt. Borghild Andrik. Borghild notium.
Alikai Gallijelvig. Ales Skorpen. Maria Strand
Ingalurie Sandvur. K. Tveit-Trolund. T. Slik.
Bjørne Solås.

188

Originalen til telegrammet
sendt frå Os-lærarane.

Seinare på heidersfesten bygdefolket stelte i stand av di dei ynskte å takke Nils Tveit for storverket Os-soga, kven andre tala då med glød for fedrelandet enn DG (Haga 1980).

Stutt tid etter, då norske lærarar skulle tuktast til lydnad, kalla DG alle lærarane i Os inn til møte i eigen heim for at dei til rett tid skulle kunne sende telegrafisk melding om sitt sameinte syn då «dei nye» ville dirigere og nazifisere skuleverket (Haga 1980, Skorpen 2003).

Veker seinare, under lærar-rassiaen i mars hamna han på Sydneshaugen, tilliks med 74 lærarar frå Bergen og Hordaland. (Hoprekstad 1946, Skreien 2005). Vi veit at dei heime vart overraska då DG vart sett fri – med enno 4 år før 60. Årsaka var truleg den vonde foten, han kom mellom dei «som ikkje var helsuge nok» til å sendast vidare og difor vart skilt ut ved lajkjargranksinga.

Etter desse hendingane fann DG sjølv ut at han vart følgd med spesiell merksemeld (Haga 1980, Skorpen 2006). Vi kan vel og rekne med at han fekk «melding» heime om å ikkje vere for ivrig, vart oppmoda til å roe seg ned, unngå å tirre Die Wehrmacht og NS ytterlegare. Kona var ikkje utan evner til å uttrykkje sine meningar dersom det var naudsint, det veit vi. Likevel, DG makta året etter, med fast og sakleg mynde, å setje rekvranten på plass då denne kom midt i skuleøkta og krov klasserom til hirdstemna i pinsehelga 1943.

No måtte vidare motstandsarbeid skje i loynd, når nokon trong til hans hjelp.

Songaren

Av Olav Molven

Eg hugsar godt han eg her kallar «Songaren», frå mi barndomstid i Os. Eg takkar han for eit verdfullt minne, skapt for meir enn 60 år sidan.

Eg har sett at mannen var fødd i året vi skilde lag med Sverige. Han må difor ha vore «midt i livet» ein stad då han – på sin spesielle måte – delte sinnstemningar med oss ungar på Osøyro. Slik han tedde seg hadde eg visseleg ei meinings om at han ikkje kunne ha kone og barn. Elles ville han vel vere til skam for sine nærmeste, øyde pengar eller gjere det som verre var. Forresten, både barn og vaksne tenkte vel likt i så måte? Mi granskning i ettertid stadfestar at mannen var ugift, ungkar.

Kanskje var «Songaren» på ei roynsle, eit sakin eller eit nederlag, eitkvart som gav næring til slitsame misstemningar? Desse vart så justerte med medisin som slett ikkje vart tilrådd av losjerørsla, eller andre sakkunnige i tida.

Korleis det enn var, mannen var aldri ufjelg i talemålet eller på annan måte stygg mot oss mindreårige. Difor kunne vi trygt tro han nær, flokke oss om han, vakte ustoe steg, og vitne at retningssansen ikkje fungerte på vanlege vilkår, alt medan vi venta på høgdepunktet: Framföringa av ein songtekst, ukjend som følge frå heim og skule. Og var vi heldige fekk vi repetisjon, dakapo. Det letta innlæringera for dei som tykte vel om melodi og tekst. Eg fann i alle høve kulturinnslaget verdt å ta med vidare i livet. «Arven» har eg sunge fleire gonger, sjølv sagt utan å tale nedsetjande om han som lærde meg tekst og tone.

Kva «Songaren» rusa seg på visste vi vart tala om mellom vaksne. Det vart såleis nemnt mangt, men oftest anna av flytande væsker enn slike som hadde status, og var drykk omtykt av røynde personar, dvs menn med god kontroll over både inntak og kroppsørslar.

Javel – men kva så? Påverka var visseleg mannen då han framforde verset eg hugsar så vel. Likevel, eigentleg trur eg at han overspela andsynes oss, bygde seg opp for å møte sitt takksame, unge publikum, gje seg etterlengta fridom til også å gle seg sjølv – ved å vere klovn, leve stunder som hovudperson på ei livsens «scene».



Enno hugsar eg ein kaldsleg, halvmørk ettermiddag med regn i lufta. Vi var 5-6 ungar som sokte mot han, midt på Osøyro. Han tok imot oss med eit skjelmsk drag – ein smil – og far etter snus eller skrātobakk i munnvikane – halvt lutande med hovudet litt på skakke. Det skjelmske draket kom og giekk på underleg vis. Det var slett ikkje noko skremmande over han, snarare eitkvart tillokkanke.

Så slapp «Songaren» oss nærmare innpå seg, medan han manoverte mot Osingen-bygget. Målet var sikkert å komme seg under tak og dermed i livd for sur trekk frå fjordsida Han var helst tunnkledd. Men – nesten framme – framforde han nummeret vi lika å høre, for straks det var sunge å veive med armane, skape eit slags fektande utfall, supplert med nokre «bø-lydar» som fekk oss alle til å rømme unna. Såleis var vi del av eit spel vi også, og vårt «samspel» sette han tydeleg pris på. I ettertid vil eg sei at partane utfylte kvarandre!

Her er verset eg lærde meg:

«Alle småpiker de til sengs må gå.
Det skal eiermamma passe på.
Født som roser på mitt kinn.
God natt, min skatt, sov inn.»

Søndagane med tog

Om søndagane var det mange frå Bergen
som var på tur til Os.
Når dei skulle heim att
var toget fullt.
Ved Hetlefåten
klarte ikkje to damplokomotiv å dra.
Folk måtte ut for å skubba.

Symjesporten i Os

Av Terje Bøthun

I haust opna Osbadet på Kuventræ, og med det har osingane har endelig fått eit symjeanlegg som dei kan vera stolte av. Sjølv om striden om plasseringa var til dels hard, kan bygda no gleda seg over å ha fått ein stad der ein kan symja og mora seg, også på vinterstid, og skulane vil igjen kunna driva forsvarleg symjeopplæring. Kan henda kan dette også inspirera til å blåsa liv att i ein idrett som har lege nede i mange år i Os, men som har stolte tradisjonar, nemleg symjing. Rett nok har Os-bygda fostra symjarar som har hevda seg godt både nasjonalt og internasjonalt dei siste tiåra, som Anne K. Bang, og søskena

Even og Elin Austevoll, men desse måtte meldt seg inn i klubbar utanfor bygda for å kunna driva idretten sin.

Førkrigsår

Går ein tilbake til åra før og etter siste verdskrigen, vil ein derimot finna eit godt og aktivt symjemiljø i Os Turnforening. Treningsforholda må kunna kallast spartanske sett med moderne auge, men dette hindra ikkje osingane i å markera seg både lokalt og nasjonalt i så vel symjing som stuping. Den gongen var det ikkje noko symjebasseng i bygda, så både treningar og konkurransar gjekk føre seg i sjøen. Dette ser ikkje ut til å ha lagt ein dempar på interessa, for av rapportskjemaet til Norges Svømmeфорbund for 1936 kan vi lesa at gruppa talde 77 medlemmer, 44 menn og 30 kvinner. At dette kunne vera ei heller kald oppleveling, finst det mange vitnesbyrd om, og at vårgudane ikkje alltid stod på utevarane si side, kan vi m.a. lesa om i årsmeldinga til Os Turnforening frå 1937/38:

«Svømming og skisport har lagt nede, men dette skyldes for det meste været og l. Disse idretter er jo helt avhengig av ideelt vær.»

Åra før krigen var vanskelege for symjegruppa. I årsmeldingane til turnforeininga står det at det ikkje har vore aktivitet, og på generalforsamlinga i Fjellheim 22. oktober i 1939 vart det vedtatt å mæla gruppa ut av symjeforbundet.

Optimisme og nye tider

I krigsåra låg gruppa nede, men i 1947 vedtok generalforsamlinga i klubben igjen å oppretta symjegruppe. Formann i den nyoppretta



Den nye symjeballen.

gruppa var Hjalmar Bjørø, medan Steffen I. Hagevik var sekretær. Den 28. mai gjorde arbeidsutvalet i klubben eit vedtak som skulle visa seg å vera viktig for symjemiljøet i Os:

«Besluttet å ta halvdelen av utgiftene ved oppsetting av stupebrett i Mobergsvennen. Den andre halvpart skal dekkas av Lars L. Moberg.»

I 1948 stod stupebrettet ferdig, og Os Turnforening hadde bidratt med 450 kroner og mange dugnadstimar for å få det på plass. I årsmeldinga frå same år, ført i pennen av Alf Johannesen, kan ein lesa:

«Gruppens største arbeide har vært nedlagt i stupebrettet i Mobergsvennen, og det er først og fremst den å takke at dette nu er en realitet. Ellers har det vært svømmeknappen den har arbeidet med, og omkring 100 personer har tatt knappen i år, ett godt resultat den usikre sommer vi har hatt. Gruppen har vist sin bettigelse, og det er grunn til å se med forventning på dens videre arbeide.»

Det skulle visa seg at optimismen ikkje var grunnlaus. For symjegruppa betydde dette at dei no kunne satsa på fleire disiplinar, og stup skulle visa seg å vera nærmast ei paradegrein for osingane. Men også symjarane kom til å prega resultatlistene i åra som kom. Allereie i årsmeldinga frå 1949 kan vi lesa følgjande:



Dobbeltsup av Kjell Askvik og Per Tveit i Bertelsbukta under ei stupeoppvising i Kristiansand i 1961.



Ein del av symjegruppa samla i Mobergsvika midt på 50-talet. Frå venstre: Ingrid Steen (feriegjest), Kjell Rødne, Olaf Morris Mortensen, Åsta Moberg, Anne-Lise Hjelle og Reidun Bjørø.

«I Hordalandsmesterskapet gjorde våre deltagere nesten rent bord. I dameklasen ble det 2. 3. og 5. plass og pokal til beste 3 mannslag. I gutte og jenteklassen tok man 5 av de 6 premier som ble utdelt. Våre 2 eneste deltagere i Nordåsvannlopet ble nr. 1 og 2 i kl. damer uppremerte.» Vinnaren her var Liv Hjelle. Kven som vart nummer to, går ikkje fram av kjeldene.

Symjegruppa er no for alvor å rekna med. Ein flåte er på plass i Mobergsvika, og i 1950 «beslutter styret å dekke utgiftene til 2 pontonger til flåte i Mobergsviken.» I årsmeldinga til Os Turnforening vert framgangen til gruppa lagt merke til:

«Gruppen viser fortsatt fremgang, og har selv på stevne i Bergen klart å hevde seg.»

Vrange vêrgudar

No skulle det satsast. Arbeidsutvalet i klubben gjer i juni 1951 følgjande vedtak:

«Etter søknad fra svømmegruppen ble det bevilget fritt opphold for trener i 1 uke.» 1951 vart likevel ikkje den sportslege suksessen ein hadde håpa på, og i årsmeldinga dette året heiter det: «Svømmegruppen melder om dårlig vær, og dermed var den viktigste forutsetningen for en god sesong borte». Heilt svart var det likevel ikkje: «Det har imidlertid vort en del medlemmer som har klart fordringene til merkene «Havhesten» og «Store Havhesten.»

Heller ikkje 1952 vart nokon sportsleg suksess, og nok ein gong er det vérgudane som må ta skulda. At det kunne vera kaldt i vatnet kan ein av medlemmene i gruppa, Reidun Bjørø, stadfesta: «Eit år var det ikkje meir enn 12-13 grader i vatnet. Vi varma opp på land, og etter at vi hadde vore i sjøen ei stund, var vi så blåfrosne at vi måtte varma oss med buljong i kafeen i Mobergsvika. Så var det ut att på nytt.»

I årsmeldinga for 1953 har ein like godt slått fleire grupper saman ettersom dei delte lagnad:

«Ski-, skøyte- og orienteringgruppen. Svømmegruppen. Disse gruppene har ikke vort i aktivitet i år og har derfor intet å berette.»

Etter tre tunge år for gruppa kunne ein kanskje tru at det var kroken på døra for symjesporten i Os, men slik vart det heldigvis ikkje. Hovudstyret vedtok i 1954 å leiga symjetrenar i 14 dagar. Dette viste seg å gje resultat:

«Til tross for dårlige treningsforhold grunnet været, har interesse for denne gruppen vært stor blant de yngre svømmere.» Kanskje vêret passa stuparane betre enn symjarane?: «Gruppen har ikke vært representert ved svømmestevner, derimot har fire av våre gutter deltatt på stevner for stup, der de har oppnådd gode resultater. På Kretsmeisterskapet i stup i Sydnes ble: Arne Askvik nr. 2 og Kjell Rødne nr. 3 i klassen for gutter, og Per Tveit nr. 4 og Kjell Haugen nr. 5 i klassen for herrer.»



Svømmernes Vestlandsmesterskap

De 3 smilende damene her var de beste i brystsvømmingen for kvinner. Fra venstre er det Rigmor Bøyum (ex Gjærtsen) nå gift og bosatt i Canada. Hun representerte sin gamle klubb B.S.L.K. og ble to-

er med minimal trening. I midten Bjørg Njaa, Sandnes, som ble ene. Til høyre Os-jenten Reidun Bjørø, som ble nr. 3. Referat av stevnet og sport for øvrig finner De på sports-sidene.

Klipp fra BA.

Gylne tider

No følgjer fleire år med gode sportsleger resultat for gruppa, og namn som Reidun Bjørø, Anne-Lise Hjelle og Åsta Moberg begynner å dominera resultatlistene for jenter både lokalt og elles i landet. Blant gutane er Kjell Rødne, Arne Askvik, Kjell Bugge, Hans Bøe og Per Tveit gjengangarar.

At dette var spreke ungdommar, vitnar denne historia frå Reidun Bjørø om:

«Ein gong sumde Anne-Lise (Hjelle), Åsta (Moberg) og eg til Raudholmane. Avtalen vi hadde med nokre guitarar, var at dei skulle henta oss der med båt og skyssa oss inn igjen.» Men gutane dukka ikkje opp, så jentene måtte symja den lange vegen tilbake. Om det ikkje var farleg? «Det var jo varmt i sjøen.»

I 1955 feira Os Turnforening 50 år, og det vart arrangert jubileumsstemne i Mobergsviska.

«Stevnet skulle vært Hordalandsmesterskap, men da ingen deltagere ble påmeldt måtte en henvende seg til Bergen's svømmeklubber, som stilte seg velvillig og sendte mange av sine beste svømmere oppover, hvilket reddet stevnet.»

Osingane viste at dei kunne hamla opp med gjestene frå Bergen. Reidun Bjørø vann både 50 meter fri og 50 meter bryst. I rette stup vart

Anne-Lise Hjelle «vinner og eneste deltager». I herreklassen vart det 2. plass til Per Tveit og 3. plass til Hans Bøe. Seinare på året vart det solvmedaljar på desse to i vestlandsmeisterskapen i Stavanger, i kunststup for Per Tveit, og i rette stup for Hans Bøe.

Symjarane representerte på den tida ikkje berre klubben sin, dei deltok også på skulestemne.

Dette året vart det til saman fire gullmedaljer til Arne Askvik, Åsta Moberg, Anne-Lise Hjelle og Reidun Bjørø då dei representerte Os realskule på eit stemne i Oslo. Slik oppsummerer sekretæren i symjegruppa, Kjell Haugen, sesongen:

«Sesongen 1955 har vært en god og framgangsrik sesong for sv.gr.. Gruppen har hatt mange (10-15) aktive deltagere, som har utmerket seg ved mange forskjellige stevner i løpet av sesongen. At resultatene har vært så gode skyldes mye det ideelle vær som har vært i sommer og den enkelte medlems personlige initiativ. Mye har det også hatt å si at styret, og da særlig Per Tveit har gått i spissen for å stimulere svømming og stup.

Vi må håpe at fremgangen må fortsette i året som kommer, og at svømmegr. må bli omfattet med større interesse fra Os Turnforenings side.»

Vi ser her at sjølv om det sportsleg har vore ein god sesong, er ikkje alt frys og gaman i turnforeininga. Den same tonen finn vi i årsmeldinga året etter:

«Sesongen 1956 har ikke vist noen særlig fremgang for svømmesporten i Os. Dette skyldes noe været, men største skylden må en gi de dårlige treningsforhold, da foreningens dårlige økonomi verken tillater fornyelse av flåter til baner, eller et nytt sviktbrett. Begge deler har vært sårt savnet.»

Sesongen var kanskje ikkje heilt svart, for Anne-Lise Hjelle vart vestlandsmeister i rette stup, Reidun Bjørø vart krinsmeister på 100 meter bryst og Arne Askvik tok sølv i same meisterskapen i stup. Trass i dette vert årssrapporten avslutta med følgjande hjartesukk frå Kjell Haugen:

«For 1957 får en ønske at det må bli en mulighet å forbedre treningsforholdene for både svømmere og stupere i Mobergsviken. Med rette treningsmuligheter kunne en fått førsteklasses svømmere og stupere i Os Turnforening.»

1957 viste at Haugen hadde rett i at det var mange talent i Os, og nokre av dei fekk høve til å trena under betre forhold. Fem osingar deltok denne sommaren på ein tre vekers stupeleir i Sandefjord. Ein av deltakarane på denne leiren, Reidun Bjørø, fortel at etter ei veke med trening i kaldt vatn, og fulle av blåmerke, bestemte ho og Åsta Moberg seg for at no var det nok. Dei pakka sekken og reiste på ferie på Sørlandet i staden.

Treningsleiren må likevel ha gjeve resultat, for i meisterskapen for dei høgare skulane i Hordaland dette året tok osingane tre gullmedaljar ved Anne-Lise Hjelle og Inge Tor Bjørø i stup, og ved Reidun Bjørø på 100 meter bryst, der det for øvrig vart dobbelsiger til Os ettersom Åsta Moberg tok sølv. Sigmund Tveit tok bronse i stup, så osingane hadde verkeleg markert seg i Sydnes i denne meisterskapen. Også i vestlandsmeisterskapen gjorde dei det skarpt. Her vart det på nyt gull til Anne-Lise Hjelle i stup, og no tok også Kjell Rødne gull i denne disiplinen, det vart òg tredje- og fjerdepllassar på osingane.

Trass dei gode resultata er tonen framleis pessimistisk i årsmeldinga frå symjegruppa, og no er det ikkje berre hovudstyret som er problemet:

«Det har vært gjort gjentatte forsøk på å få et nytt stupebrett i Mobergsviken. Dette strandet da laksefiskerne nektet oppførelsen av noe som etter deres utsagn, ville være til skade for fisket. Da treningsforholdene for superne er direkte skadelige slik de har vært i sommer, kan jeg ikke si at vi ser fremtiden lyst i møte. Til svømmerne skulle det være mulig å få nye flåter, da dette er bare et pengespørsmål.»

Ein æra går mot slutten

Når 50-åra ebbar ut, er også symjemiljøet i Os på hell. Gruppa består no berre av stuparar, og sjølv om dei framleis hevdar seg godt, med m.a. 1. og 3. plass til Hans Bøe og Arne Askvik i krinsmeisterskapen, og 1. og 5. plass til dei same karane i vestlandsmeisterskapen, så går det mot slutten for gruppa. Hans Bøe skriv i årsmeldinga dette året:

«Men så er det da disse treningsmulighetene som bys svømmerne i Mobergsviken. Svømmerne har overhodet ingen bane å trena på. Superne har da et stupebrett, men dette er det bare forsvarlig å stupe fra når det er flo sjø. Under stupebrettet må det mudres og ryddes før det skjer ulykker.»

I 1960 er det berre nokre få stuparar att, men desse hevdar seg godt. Kjell Rødne og Hans Bøe tok dobbeltsiger i rette stup i vestlandsmeisterskapen, og eit nytt, stort talent viste seg fram dette året: Kjell Askvik.

I krinsmeisterskapen vart han nummer to i rette stup, men det stoppa ikkje her. Allereie året etter vart Askvik norsk meister i sviktstup for juniorar, ei bragd han gjentok i 1962. Kjell Askvik vart med dette den osingen som hadde nådd lengst innanfor denne idretten, og for dette vart han heidra med bestemannspremie av Os Turnforening. Treningsforholda i Mobergsvika var, som vi har sett, ikkje dei beste, og dette gjorde at Askvik trente ein del i Sentralbadet i Bergen. Med dette gav han Kjell Haugen rett: Gode treningsforhold *hadde* gjeve Os ein førsteklasses stupar, men ironisk nok markerer det sportslege høgdedepunktet til gruppa også slutten.

Tida hadde no definitivt gått ifrå stupebrettet og symjebana i Mobergsvika. Ein epoke var over. Tida då ein kunne basera seg på å trena i kald sjø, var forbi. Mot symjehallar og basseng hadde ikkje Os noko å stilla opp. I referatet frå hovudstyret den 4. desember 1961 kan vi lesa: «Da det viser seg umulig å velge styre, blir denne gruppen lagt inn under arbeidsutvalget.» Rett nok finn vi både Kjell Askvik og søstera Gerd som formenn for gruppa i åra etter, men symjegruppa, slik ein hadde kjent henne, var historie.

Badet på ungdomsskulen, som stod ferdig i 1966, vart flittig brukt av skulane i Os, og på kveldstid hadde turnforeininga ansvaret for symjeparti for både born og voksne i tillegg til den populære familiebadringa. Konkurranseymjing vart det likevel ikkje, og i dei seinare åra har badet stått til nedfalls og i periodar vore stengt.

Når ein ny symjehall no står ferdig, kan ein lata tankane gå til Kjell Haugen som i 1957 skreiv dette i årsmeldinga for symjegruppa:

«Det er i grunnen bittert at en bygd med Os' naturlige muligheter ikke gjør mer for svømmesporten. Turnforeningen burde også forsøke å få de kommunale myndigheter til å gå inn for å sikre Os et badested som tilfredsstiller tidens krav.»

Nesten femti år har gått sidan dette vart ført i pennen. To år seinare skreiv Hans Bøe:

«Måtte bare svømmegruppen få bedre treningsmuligheter, så skal det bare bli gode resultater.»

Måtte han få rett.

Kjelder:

Reidun Bjørø
Tore Moberg
Møteprotokollar for Os Turnforening
Os Turnforening 100 års jubileumsbok



Moberg – med namn frå Daniels bok.²

Paul Moberg sitt Misjonssogeatlas av Kåre Herdlevær

Lærar Paul Moberg, som hadde lengste skuletida si ved Nore Neset skule (Skeie skule) har fått sin vel fortente omtale og heider i Lars Skorpen si bok om Skeie skule. Men Paul Moberg spelte også på andre strenger enn lærargjerninga. I 1939 gav han ut eit lite hefte med tittelen «EIT MISJONSSOGEATLAS», eit hefte som eg skal gje lesarane ein kort omtale av.

Paul Moberg må ha hatt sterke religiøse interesser. Denne intressa har gjort at han i misjonssogeatlasen har drege samanlikningar mellom naturen på den eine sida og bibelen på den andre. Han har tolka landskapet, både lokalt og internasjonalt, som ein del av ulike skriftstader i bibelen. Han har også gjeve sine heilt spesielle tolkingar av stadnamn i Os med grunnlag i bibeltekstar. I innleiinga til heftet, datert Moberg 12.nov. 1938, skriv han: «Nokre utgreidinger med dome på korleis gards- og bygdenamni åt det skandinaviske folk grip inn i misjonssoga og legg klårleik yver dei bibelske sanningar, noko i same leid som med Jesu likningar».

Om g.nr. 2 Gåssand skriv han: «Gossand er namnet på vatnet og kjem av det galliske ordet Gæsum og tyder eit stort, langt sverd. Gåsakjilen er den tongen som går inn i skaftet, og skaftet er den landtunga

som ligg millom Vengdalsvatnet og Hetleflatvatnet.»

Asbjørn Øye, som har skrive om stadnamn i Bygdesoga for Os, har tolka namnet Gåssand slik: *Kjem av fuglenamnet gås og sand.*»

Om g.nr. 24 Hildershamn: «*Hildershamn tyder krigshamn; for tvers yver for Hilleshamn ligg Mækjesbakken og tyder sverdbakken.*»

Øye seier det slik: *Hillershamn = Hillershavn, Heller og hamn. Der har vore ein fangsplass i førhistorisk tid.*»

Om g.nr. 51 og 52 Moberg, skriv han: *Ytre og indre Moberg var prestegard i den første kristne tid. Namnet er set saman av modus og berg, også modelberg. Motivet er henta frå Daniels bok i bibelen: «Og steinen vart til eit stort berg som fylte upp heile jordi.*»

Øye skriv at: «*Uviss tyding. Kanskje av elvenamnet Moda og Berg.*»

Paul Moberg har drege samanlikningar mellom bibeltekstar for dei fleste gardsnamna i Os. Og ikkje berre det. Han går vidare og dreg samanlikningar både for Skandinavia og Europa.

Han må ha vore djupt religiøs og hatt ein livleg fantasi. Det er etter mitt skjøn den einaste forklaringa på det som kjem fram i heftet «EIT MISJONSSOGEATLAS». Heftet kan vel interessere andre i dagens samfunn og er å finne på lokalhistorisk arkiv.

Kjelde: Eit misjonssogeatlas. LHA

Til skulen frå Sørstrøno til Nordstrøno

Om vinteren måtte far vera med
over fjellet
for å brøyta veg.
Seinare klarte me det sjølve.

Labbebyte låg i skulevesko.
Dei våte sokkane,
dampa i ein ring på golvet,
framføre vedomnen.

Maaltroldene rykker ind i Kristiania. Teikning av Olaf Gulbransson i bladet Tyribans i 1899. Trolla som kjem opp Karl Johan er Garborg, Vinje og Aasen.

Men Maalmennene gjeng som Villldyr

Av Åsmund Lien

I 1836 sit den unge Ivar Andreas Aasen på Sunnmøre og skriv artikkelen «Om vort Skriftspråk», der har legg fram eit program for korleis ein skal reisa eit norsk skriftmål bygd på dei norske målføra. Rett nok kom ikkje dette på trykk før i 1909, men dette programmet vart rettesnora for arbeidet hans. Då han gav ut den fyrste grammatikken og ordboka i 1848 og 1850, og Prøver af Landsmaalet i 1853, hadde han lagt grunnlaget for eit norsk skriftmål som kunne setjast i staden for det danske, som til då hadde vore einerådande i Noreg.

Siste halvdelen av det nittande hundreåret var tida for dei store folkerøslene her i landet. Det var rørsler knytte til folkeopplysning, misjonsarbeid, fråhaldsarbeid og nasjonal frigjering, og røslene organiserte seg. Det vart skipa misjonslag, fråhaldslag, skyttarlag og fri-lynde ungdomslag, men jamfört med desse andre store folkerøslene var målrosla seint ute med å organisera seg. Ein gong på 1880-talet kunne ein lesa dette hjartesukket i Fedraheimen:

«Høgre, Vinstre, Sosialistar, Skyttarlagsfolk, Totalistar, Misjonsvenner, allesaman, Parti elder Sekter, dei organiserar seg og arbeider. Det er det som gjer dei sterke. Men Maalmennene gjeng som Villdyr. Det hev aldri lukkast å få skikk på dei.»

Som nemnt var grunnlager lagt kring 1850, men dei fyrste ti-åra vart målstriden driven fram gjennom andre institusjonar enn

eigne lag som arbeidde for målsaka. Mellom anna vart folkehøgskulane viktige arenaer. Dei og målsaka var barn av den same ideen: Folkeopplysninga, som var eit radikalt, politisk program som bygde på tanken om at kunnskap er makt, og skal vanlege folk bryta undertrykkinga må dei bryta kunnskapsmonopolet til overklassen. Målsaka vart viktig i dette programmet, då dansk språk var ein viktig barriere når folk skulle skaffa seg kunnskap, og ikkje minst når dei skulle uttrykkja sine eigne meininger skriftleg.

Dei som såg dette tydelegast var lærarane. Dei såg kor stor sperre det danske språket var for ungane når dei skulle læra, og frå 1850-talet vart dette teke opp på mange lærarmøte kringom i landet. I ei fråsegn frå lærarmøte for Toten og Hedmark i 1853 vert det





m.a. sagt: «Forsamlingen erkjendte, at vort Bogsprogs Unorskhet lægger en stor Hindring i Veien for Oplysningens Fremme blandt Menigmand.» Alternativet til dansken var landsmålet. Vinje tok til å skriva på landsmål i Dølen i 1858, i 1864 kom andre utgåva av Norsk Grammatikk av Ivar Aasen, med rettleiing om korleis ein kunne bruka dette nye språket. Då hadde Noreg fatt eit språk som var norsk og som var mykje lettare å læra og å bruka enn det danske. Folk kunne byrja ta det i bruk, og den politiske striden for landsmålet kunne ta til.

Dette var ein strid som måtte gå føre seg på fleire frontar. Fyrst måtte ein skaffa språket eit rettsgrunnlag, så måtte ein syta for at det fanst litteratur, språklege mønster for landsmålet, og så måtte ein få folk til å velja å ta det i bruk.

Dei fyrste mållaga kom i 1868. I januar dette året vart Vestmannalaget i Bergen skipa, eit par månader seinare Det Norske Samlaget i Oslo. I Bergen var det borgarskapet som gjekk i brodden. Mellom skiparane finn me namn som Mowinckel, Giertsen, Beyer, Friele, Michelsen, Christie og Krohn. Henrik Krohn var drivkrafta og fyrste formannen i laget, som hadde dette føremålet: «Meiningen med Samlaget er, at dat skal halda fram slikt, som kan vera til sann sel-skapleg Hugnad, kvessa Tjodskaps-Hugen* hjaa Lagsmennene og fremja Nordmannskapen i Landet. Til dette Endemalet skal Samlaget halda Stemnor fjortande kvar Dag um Vetteren», og «Lagmann kan ein og kvar verda, som hever rette Vyrdnaden fyre Maalsaki.»

I Oslo var Hagbard Emanuel Berner initiativtakar til Det Norske Samlaget. Han er elles kjend som fyrste redaktören i Dagbla-

det, borgarbeiter i Oslo og venstrepolitikar i ein lang periode. Samlaget, som har dei fyrste vedtekene sine skrivne på dansk, hadde som føremål å gje ut litteratur på norsk, men det var organisert som eit medlemslag. Medan det i Bergen var borgarskapet, kjøpmenn, bokhandlarar og andre næringsdrivande som utgjorde kjernen i laget, var det i Oslo dei radikale intellektuelle. Dette førde til at det ikkje var mykje kontakt mellom dei to laga. Då Krohn i 1870 freista gje Vestmannalaget til landssamskipnad for målfolket, fekk ikkje det nokon oppslutnad i målmiljøet i Oslo. På den andre sida tok også Samlaget mål av seg å femna heile landet, noko dei til ein viss grad greidde ved at dei hadde medlemer frå alle landsdelar, men det vart først og fremst eit forlag, og eit diskusjonsforum for måleliten i hovudstaden.

No er det vanskeleg å seia at målrørla siste halvdelen av 1800-talet var noka brei folkerørsle, men ho gjorde seg likevel gjeldande. Som nemnt stod saka sterkt mellom lærarane og i radikale politiske miljø, og då partiet Venstre vart skipa vart målsaka ei viktig sak for dette partiet. Dette gjorde det mogleg å gje landsmålet naudsynt lovgrunnlag. I 1885 vedtok Stortinget at «...det norske Folkesprog (...) sidestilles med vort almindelige Skrive- og Bogsprog», norsk vart fag i lærarskulen, og frå 1892 kunne skulekrinsane velja norsk som opplæringsmål.

Ei hovudline i målarbeidet var såleis å sikra lovrettane til landsmålet, den andre hovudlinja før hundrårsskiftet var å skaffa norsk lesnad. Samlaget hadde etter kvart sytt for mykje litteratur på norsk, og var viktigaste forlaget. På Vestlandet kom det også eit særmerkt forlag. Mons Litleré frå Naustdal kom til Bergen som 20-åring og skipa forlag og avis, og etter nokre år var han vorte viktigaste forleggjaren av skjønnlitteratur på landsmål. Han hadde namn som Anders Hovden, Rasmus Løland og Jens Tvedt på fattarlista si. Også andre gav ut landsmålsbøker, fleire vart det etterkvart som skrev på landsmål, og smått om senn vart norsk eit moderne litteraturspråk. Rundt 1880 kom dei fyrste lærebökene. Marius Hægstad gav ut ei lita mållære og ei lesebok, Andreas Austlid ABC-bok og lesebok.

No vart det for alvor bruk for ein målpolitisk organisasjon som kunne få folk til å velja det norske målet som no fanst og som hadde eit loverk å stø seg på. Dei fyrste mållaga etter Vestmannalaget og Samlaget var nokre elevmållag mot slutten av 1870-åra. I tiåret som følgde kom det nokre bygdemållag kringom, men snogt gjekk det framleis ikkje med å bygga organisasjonen. Dei frilynde ungdomslaga var noko tidlegare ute, også som eit barn av folkeopplysning og nasjonal reising, og dei hadde målsak på sitt program. Mange målfolk var organiserte der, og det kan vel henda at det var ein grunn til at dei reine mållaga lét venta på seg. Ungdomslaga samla seg i fylkeslag, som igjen skipa landssamsluttinga si, Noregs Ungdomslag, i 1896.

Frå 1899 kom det litt meir fart i sakene. Austmannalaget vart skipa som det fyrste fylkesmållaget – eller distriktsmållaget, det femnde heile Hamar stift – og på to og eit halvt år var det skipa distriktslag som dekte heile landet. Kristian Bing, som var medlem i Vestmannalaget, kasta fram tanken om å skipa eit Noregs Mållag, som først og fremst bygde på desse landsdelslagene. Vestmannalaget måtte ta stilling til om dei ville vera eit landsdelslag eller eit bylag. Dei valde det siste, og tok initiativ til å skipa eit eige fylkeslag for Hordaland, Hordalaget. Trua på lokale mållag var likevel ikkje stor. På eit møte i 1900 drofta Vestmannalaget skiping av eit fylkeslag, og då var det fleire talarar som meinte det var nyttelaust å få i gang mållag utover bygdene, då «folk var so leide av alle slags lag no, at det var som det lugta, berre dei nemnde ordet».

Med desse distriktslagene hadde målrørla ein organisasjon for heile landet, men det var mykje godt ein tom organisasjon. Distriktslagene fanst, og i prinsippet dekte dei alle landsdelane, men det fanst mest ikkje lokale mållag. No skulle ein mellom anna bygga på seinvese innmelde medlemer i distriktslagene, men talet på lokale mållag var knapt førti for heile landet, og talet på seinvese medlemer ikkje mykje over 500.

Føre valet i 1906 skipa fleire av dei store folkerørslene sine eigne parti. Også i målrørla vart det drøfta om dei skulle skipa sitt eige parti, eller om dei skulle gje seg gjeldande gjennom eit av partia som fanst. Dei valde det siste, og då var det Venstre som var aktuelt, som var det partiet som meir enn dei andre hadde støttet målkrava tidlegare. Venstre skulle ha programmøte 5. februar 1906. Til dess måtte dei krava liggja føre som målfolket skulle stilla til styremakten. 16. januar stod dette oppropet å lesa i Den 17de Mai:

«Maalmannsstemna. Underskrivne byd maalmenn fra heile landet saman til møte i Oslo sundag den 4. februar kl. 5 til aa raadleggia um dei krav som maalmennene maa setja til rigsmakterne, serskilt til det nye stortinget. Me bed maallag og maalmanns-lag velja utsendingar til møtet.»

Målet med møtet var såleis først og fremst å vedta målpolitiske krav. Det gjorde møtet også, det vedtok det viktige kravet om skriftleg eksamen i nynorsk på gymnasiet. Det hører med til soga at Stortinget som vart vald i 1906 vedtok skriftleg sidemålseksamen i gymnasiet, i tråd med kravet frå målmannsstemna.

Johs. Lavik, bladstyrar i Gula Tidend, bad om at målfolket no ikkje skildst for det var skipa eit landslag. Då ordskiftet om landsmålsstilen var slutt, mellom klokka 1 og 2 om natta, la han fram framlegg til vedtekter for Noregs Mållag, som han hadde laga saman med andre utsendingar frå Sør- og Vestlandet på veg til Oslo. Etter eit stutt ordskifte vart dei vedtekne, og Marius Hægstad vald til den fyrste formannen. Noregs Mållag var skipa, som ei ymsesak på møtet.

Natt til 5. februar 1906 fekk målfolket landssamskipnaden sin. Nei, hundre år seinare, kan me slå fast at Noregs Mållag har spelte ei avgjerande rolle i målreisinga, både ved å føra vidare arbeidet med å sikra rettsgrunnlaget for nynorsken, og ikkje minst i arbeidet for å få folk til å velja nynorsk framfor bokmål.

* Tjodskaps-hugen = nasjonalkjensla

Kjelder:

Almenningen, Olaf og fleire: Målreising i 75 år. Fonna Forlag 1981

Almenningen, Olaf og Åsmund Lien: Striden for nynorsk bruksmål. Samlaget 1978

Hannaas, Torleiv: Vestmannalaget i femti år.

Vestmannalaget 1918

Skard, Sigmund og fleire: Det Norske Samlaget 1868-1968. Samlaget 1968



Arven frå vikingtida

Så lenge det har budd folk på kysten og langs fjordane, ja langs vassdraga med, har dei hatt bruk for farkostar. Uthola trestammer var dei første båtane, seinare lærde menneska seg å setja saman meir avanserte båtar, og for 1600 – 1700 år sidan lærde folk på våre kantar seg å klinka båtborda saman med jernsaum.

Tekst og foto:
Åsmund Lien



Modell av færing frå vikingtida og moderne oselvar. Slektskapen er tydeleg.

Oselvaren er ein av dei mest kjende norske småbåtane, kanskje mest fordi han overlevde den store krisa i småbåtnæringa for kring hundre år sidan. Då byrja fiskarane å ta i bruk større båtar, og dei sette motor i båtane. Ein viktig del av småbåtmarknaden fall i fisk, og dei fleste båtbyggjarane måtte finna seg anna arbeid. I Hordaland vart det berre att to større båtbyggjarmiljø, det eine var i Os, der dei bygde oselvarar. Her har tradisjonskunnskapen halde seg samanhengjande, og i 1997 kom Oselvarverkstaden i drift, med føremål å sikra handverket for framtida.

Kvar manns eige

For mange var sjøen både vegen og viktigaste matfatet, og eit tilvære utan båt var utenkleleg. Småbåten vart brukt til yrkesfiske og heimefiske, og til mest all transport av folk og varer. Båtbyggjaren var såleis ein viktig person i samfunnet, og det stod prestisje av å kunna levera tømmer som kunne brukast til båtmaterialar.

Oselvaren har hatt ry for å vera ein sikker sjøbåt, skarp å segla og svært lett å ro. Han var slik fiskarane ville ha han. Tilliks med dei andre båtane frå området frå Boknafjorden til Bergen har han





Framhalsane er snart på plass, og botnen i båten tek til å få fasong.

Motståande side:

Hallgeir Bjørnevik gjer klar ein hals.

svært breie bord jamført med andre norske båtar. Færingen, som er den mest vanlege storleiken, har berre tre bordgangar, og borda er frå 12 til 14 millimeter tjukke. Dette gjer båten lett og mjuk, i motsetnad til båtar bygde i sør- og austnorsk tradisjon, som er tyngre og mykje stivare. For fiskaren var det ein kvalitet at båten var mjuk. Då tok han sjøen på ein mykje betre måte enn det stivare båtar gjorde. Nokon eigentleg havbåt er han likevel ikkje, det er færingen og seksæringen for liten til, men han vart mykje brukt, mellom anna på sildefisket på dei nære havområda. Då la dei ut i færinger eller seksæringar, to mann med to garn.

Bergen var den store fiskemarknaden for hordalandsfiskarane. Det var om å gjera å koma fort fram med fisken, og då vart det viktig med lette og snogge båtar. Her kom oselvaren til sin rett, lettoodd og snogtseglande som han er, og ved Fisketorget i Bergen låg fiskarane i oselvarane sine tett i tett og baud fram fisk til dei fine byfruene.

Tusen års tradisjon

Det er lite som skil oselvaren i dag frå småbåten vikingane brukte, og den moderne båtbyggjaren utfører handverket sitt langt på veg på same måten og med same verktøy som i vikingtida. Svært få handverk har halde seg så uendra i tusen år som det småbåtbygginga har. Rett nok bruker ein både elektrisk høvel og bandsag når båtbord og annan emneved skal lagast til, men sjølve handverket, det å setja båten saman, vert gjort på gammelmanns måte. Oselvaren er den norske småbåten

som har mest til felles med færingen som vart funnen i lag med Gokstadskipet.

Gjennom hundreåra gjekk kunnskapen frå far til son i ei ubrotten rekke, samarbeidet mellom fiskar og båtbyggjar gav gjennom tidene ny kunnskap som perfeksjonerte båten. Etter som behova endra seg, t.d. ved at nye fiskereiskapar kom i bruk, greidde båtbyggjarane å gje båtane nye eigenskapar som gjorde at dei høvdte til det dei skulle brukast til. På 1500- og 1600-talet var der ein stor eksport av båtar frå Os og andre bygder i nærleiken til Shetland, Orknøyane og Skottland. Osingane og tysnesingane var fire hundre år før Ikea ute med å levere flatpakka varer: Båtane vart bygde i Noreg, men berre laust samansette. Så vart dei demonterte, lasta på skip og ført over Nordsjøen.

På 1800-talet vart det bygd båtar «i kvart eit naust» i Os. Dei ymse båtbyggjarslektene hadde gjerne sine eigne finessar, og dei vakta vel på loyndomane sine. Den typiske båtbyggjaren var fiskar eller småbrukar, og bygde båtar som attåtnærings. Etter kvart kom det til fulltids båtbyggjarar òg. Då robåten vart for liten for yrkesfiskaren, og båtbyggjarar dei fleste andre stader fann seg anna å gjera, var det framleis ein marknad att for oselvaren. Til heimefiske, dagleg transport i mange veglause samfunn, og etter kvart til fritidsbruk, var han sjølvskriven.

Fritidsmarknaden tok ein større og større del av produksjonen, men også den fekk ein kraftig knekk etter 1960, då dei tok til å produsera småbåtar i plast. Det vart heilt slutt på rekrutteringa til båtbyggjaryrket, og jamvel dei mest optimistiske såg for seg at den tusen år gamle handverktradisjonen ikkje ville følgja med inn i eit nytt tusenår.

Alle tok feil. Kunnskapen lever, og tradisjonen vert ført vidare i verkstaden ved Oselva, elva som gav båten namn for over to hundre år sidan.



Berit Osmundsen klinkar fast bakbandet – hoddleronga – i ripebordet.

Dei kritiske kundane

Somme skulle segla, andre skulle for det meste ro, somme dreiv linefiske, andre fiska med garn eller ruser, somme skulle ha ein sikker båt til å fiska på havet med, andre skulle ha ein båt som kunne føra mykje varer. Til dette trøngst det båtar med ulike eigenskapar. Båtbrukaren kom i naustet til båtbyggjaren og fortalte kva han skulle bruka båten til, båtbyggjaren bygde båten slik at han høvde perfekt til føremålet. Dette kunne båtbyggjaren fordi mange hundre års samarbeid mellom brukar og byggjar hadde gjeve båtbyggjaren kunnskapen om kva som skulle til for å gje båten spesielle eigenskapar. Fiskarane var særskilt kritiske kundar. Båten var arbeidsplassen deira, og det som skilde mellom ein god og dårlig båt kunne vera det som skilde mellom liv og død.

Dei fleste stader døydde denne kunnskapen ut då yrkesfiskarane fall bort som kjøpargruppe, og nye båtar stort sett vart bygde for fritidsmarknaden. For oselvaren sin del dukka det i rett tid opp ei ny kjøpargruppe, ei gruppe som også stilte store krav til eigenskapane i båten: Regattaseglarane.

Det byrja truleg med at fiskarane kappsegla, for moro skuld eller for å koma først til dei beste fiskeplassane eller til Bergen med fisken. I 1890-åra tok ein til å arrangera kappseglingsløp for oselvarar, og båttypen vart eigen regattaklasse, endå til med eigen Noregsmeisterskap. Kappseglarane overtok som kritiske båtkjøparar, og det vart utvikla båtar med ekstremt gode segleigenskapar. Dette var ein av grunnane til at båtbyggjaryrkjet overlevde gjennom 1900-talet i Os, og truleg viktigaste grunnen til at kunnskapen om korleis ein gjev båten dei eigenskapane ein ynskjer vart ført vidare til nye generasjoner.

Men utanom regattaseglarane er det dårlig med kritiske kundar. Dei som tingar båt på Oselvarverkstaden er ikkje fiskarar som skal ha båtar med spesielle eigenskapar. Dei skal gjerne ha allbruksbåtar, kombinasjonsbåtar som skal vera rimeleg gode til mange slags bruk. Om den detaljerte og avanserte handverkskunnskapen skal haldast vedlike, trengst dei kritiske kundane. For å bøta på denne mangelen har Oselvarverkstaden vore med på båtbruksprosjekt i

regi av Norsk handverksutvikling. Båtbyggjarane har fått prova båtar med ymse eigenskapar til roing og fiske, på havet og i lognare farvatn, for sjølv å kjenna korleis båtar som er slik og slik bygde oppfører seg under skiftande tilhøve. Verkstaden gjennomfører ein svært kritisk gjennomgang av kvar båt som vert bygd, der kvar og ein av båtbyggjarane vurderer arbeidet som er gjort.

Å berge eit handverk

Kring 1990 såg det ut til at båtbyggjarkunnskapen song på siste verset for oselvaren sin del. Det var att to aktive båtbyggjarar som bygde oselvarar, og som sat inne med den komplette, nedarva kunnskapen om denne båttypen. Det var berre eit tidsspørsmål når dei òg ville finna seg anna å gjera. Men det fanst folk i Os som ikkje berre ville sitja i ro og sjå på at denne handverkskunnskapen skulle smuldra bort. Det vart til at Os kommune bygde Oselvarverkstaden, med god hjelpe frå Hordaland fylkeskommune og Norsk kulturråd. Dei to siste, aktive båtbyggjarane vart tilsette på fast løn, likeins vart det tilsett to unge, fagutdanna båtbyggjarar, som ikkje hadde bygd oselvarar før. Dette var i 1997. Etter det har det jamt vore utført fire-fem årsverk kvart år på Oselvarverkstaden. Tre lærlingar har teke fagprøven sin på verkstaden, to til vil ha gjort innan sommaren 2007.

I heile Europa finst det i dag berre små restar att av eit handverk som har vore avgjerande viktig for alle kystområda. Oselvarverkstaden er det einaste tiltaket i Europa i sitt slag som er sett i verk for å berge dette handverket og føra kunnskapen om småbåtbygging vidare til nye generasjoner.

No tyder alt på at tradisjonen er sikra i denne omgangen. Nye båtbyggjarar har lært handverket, og marknaden for båtane er god. Men framleis er det eit skovert prosjekt. Det skal lite til før ein ikkje lenger har noko båtbyggjarhandverk å ta vare på. Om så skulle skje vil det ikkje berre vera eit kulturtap for Os og Hordaland, men for heile Europa.

På kanten av stupet

av Hilde Marie Årdalsbakke

«Priseld» av Nikolai Astrup.


Då det i seinare tid blei tala om, denne tragiske hendinga, var ikkje folk flest sikre på kva dei skulle seie, eller korleis dei skulle forklare det. Eit ulukkeleg menneske med ein sorgjeleg lagnad, det sa dei alle. Dei konkluderte med at dei eigentleg alltid hadde skjøna at noko ikkje var som det skulle, at det arme barnet hadde eit tungt sinn og hadde lett for å bli forvirra og depressivt. Stakkars barn, sa dei, og rista på hovudet.

Lufta var behageleg varm. Ein svak, mild vind leika lett over heia. Jonsokbålet var tent, og lyset spelte i ansiktet på dei som stod rundt bålet. På ein stor stein eit stykke frå sat gamal-Jon og spelte på fela si. Tonane han fekk fram var så vedunderleg vakre, melodiane så friske og glade, og rundt han dansa odelsgutane med jentene – hu hei som det gjekk! Alle var oppstemde og glade, latteren sat laust i kveld.

Opp i bakkane stod

Signe og såg på alle dei lukkelege menneska der nede. Ho måtte smile litt når ho såg dei danse og hoie på den måten; sjølv den mest tilbakehaldne karen i bygda var pratsam i kveld. Ho lengta etter å springe ned til dei og bli med i dansen... Augo hennar blei fulle av tårer ei lita stund, men ho blunka dei bort og trampa sta i bakken med den eine foten sin. Gråte skulle ho ikkje. Ikkje no igjen. Det overraska henne at ho i det heile tatt hadde fleire tårer igjen. Nei, dei hadde ikkje sett henne gråte endå, og neimen om dei skulle få sjå det i kveld. Det hadde vel mora dei meir enn noko anna, om ho hadde gjort eit forsøk på å bli med på festen. Nei, uhøflege tilrop og anna «moro» kunne ho spare seg for.

Men det var for seint. Harald Sigmundsson, ein kraftig kar på tjue år, hadde allereie fått auge på henne. «Neimen, sjå kven som står opp i bakkane der du», ropa han til ein kamerat. «Er det ikkje Signe frå Erikstad?!» Det var mange som hadde oppdaga henne no,



mange auge som såg. Harald kom oppover mot henne, med ein liten flokk av guitar slentrante etter seg. «Hei Signe!», ropa ein gut frå nabobygda, som ho ikkje kjende. «Kvífor sit du her oppe áleine då vesla? Kvífor er du ikkje der nede og tar deg ein swingom?» Dei andre gutane lo og skapte seg. «Ja Signe, kvífor tar du deg ikkje ein dans?» Ho kneip munnen saman og kryssa armane over brystet. Ho stira stift på dei, som om ho ikkje tok seg nær av noko som helst. Plutsleg fekk ho auge på Erik innimellom skokken av guitar. Han! Ho kjende at underleppa byrja å skjelv, og måtte bite seg i leppa for at ingen skulle sjå. Ei tåre sprengde på, men ho kjempa den tilbake. Korleis kunne han!

Harald var nådd bort til henne, og tok henne i armen. Ho reiv seg laus. «Neimen Signe», sa han skøyaraktig. «Kva er det du er så gretten for?» Ho gav han eit stygt blikk og tok eit par steg tilbake. «Ho er berre hissig fordi ho snart skal bli mor», sa Tore, ein spinkel

liten skapning med svart hår og mørke auge. Dei lo hánleg. «Og kven er så barnefaren då, Signemor?» Ho svarte ikkje. Ho såg bort på Erik, eitt sekund møttes blikka deira. Han såg ned i bakken. «Vil du ikkje ut med det?» Harald spurde i ein frekk tone. «Det er vel ein av arbeidskarane nede på Lønnlia tenkjer eg. Kven elles skulle ha lyst til å ha noko med ei sånn stakkarsleg lita fattigjente å gjere?» Harald såg på henne som om ho skulle ha hatt ein eller annan smittsam sjukdom. Dei andre gutane gliste stygt.

Erik stod og studerte fotene sine, men lo med då Tore dulta han i skuldra, sjolv om han kanskje ikkje lo like høgt som dei andre. Ho såg på han. Han kom frå ein velståande familie, og var odelsgut. Han kom til å arve ein stor gard og ein skog som høyrd til. Han hadde mange vener og var den jentene kviskra om. Korleis kunne ho tru at han ville bry seg om ei jente som henne? Ho hadde trudd på han når han sa at han var glad i henne, utan å nöle. Dei hadde hatt så mange fine stunder saman, ho hadde godtatt at dei måtte haldast skjult for alle dei andre, ettersom han ville det. Han hadde sagt at foreldra hans ikkje ville godta det, at venene ikkje ville forstå, men at ho var den einaste han var glad i. Dei måtte berre halde det skjult til dei blei eldre, til han hadde pønska ut ein måte å forklare det til foreldra og dei andre, til han trudde dei kunne forstå. Det hadde ikkje gått slik.

Då han fann ut at ho var med barn, hadde han først blitt glad, og dei hadde laga planar for framtidia saman. Men dei kunne ikkje seie noko til nokon endå, sa han, og ho måtte ikkje tale om til nokon kven sitt barn det var. Foreldra hans ville ikkje forstå, dei forsto seg ikkje på kjærleik, men på tru og tradisjonar, sa han. Men etter ei tid sluttar han å møte henne. Han slo blikket ned kvar gong han passerte henne, og gav henne inga forklaring inntil ho ein kveld hadde møtt han, då dei to var áleine. Han sa at han hadde sagt det til foreldra. Han hadde fortalt dei om henne, om dei, og om barnet. Dei ville ikkje vite av det. Dei hadde forbode han å treffe henne igjen. Han hadde lova å ikkje treffe henne. Han hadde lova ikkje å seie noko til nokon. Han sa at han var einig med dei. Han var ikkje glad i henne lenger. Han hadde ikkje verka heilhjerta då han sa det, men han sa det like fullt. Ho hadde trygla, bede og trua. Han heldt på sitt. Etter det hadde han aldri eingong sett på henne. Han hadde ei anna jente no, ei som budde på ei av grannegardane. Ei lys, vakker jente som var velstående som han, og viktigast av alt, ho var ikkje gravid utanfor ekteskapet.

Ho gret no. Tårene rann nedover kinna hennar, og ho gav frå seg eit lite hikst. Guteflokken stod rundt henne endå, dei såg på henne med ei blanding av uvisse og triumf. Ho snudde seg bort frå dei, og sprang oppover bakken. Ho sprang alt ho orka, mens tårene rann som i elver nedover ansiktet og halsen hennar. «Signe!» Det var han. Det var Erik som ropa. Ho svarte ikkje. Ho stoppa ikkje. Aldri, aldri ville ho snakke med han igjen. Aldri. Ho venta halvvegs på eit ekkel tilrop, men det kom ikkje. Ho stoppa oppe i skogbrynet, lente seg mot ei trestamme, hiksta av gråt mens ho prøvde å få igjen pusten. Ho såg nedover mot bålet der dei andre var. Ho såg dei smile og le, ho tenkte det var sikkert fordi dei snakka om henne, om at ho hadde gråte. Erik stod og prata med nokre jenter, men forsvann etter ei stund bort frå dei andre, ut av synet hennar. Ho sprang innover i skogen. Ho gret og gret. Til slutt fall ho på kne ved ein stor stein, utmatta av springinga og gråten. Pusten gjekk i såre hikst, augo var rádlause. Med eitt fekk hoauge på eit stup eit stykke bortanfor. Det var langt ned til bakken. Ho tenkte at ho ikkje ville leve meir, ho ville do. Ho ville ikkje meir.

På kanten av stupet. Elva buldra og braka der nede, straumen var sterkt etter snøsmeltinga. Det var ingen som brydde seg, ingen som forstod. Det var ingenting igjen å leve for. Ho hoppa.

Amalgam

Kontorsøster hjå tannlegen.
Smidig med amalgam
og massering i handa.
Blanda med dei rette stoffa
og litt kvikksølv.
Halda gradane,
halda mjukt,
forma rund,
før den vart ført til tanna.

Storfisken

Av Olav Molven

Vaksne menn fiska, oftast til matauk, sjeldan for sal. Vi – gutane på Osøyro – prøvde oss også som fjordfiskarar. Det hørde med å fiske, var del av vår allmenne utdanning.

Robåt hadde vi tilgang til. Formaningane heimanfrå var få, og helst varsame. Vi visste vel korleis vi skulle te oss i båt. Oselvaren sto for oss som tryggleiken sjølv berre vi passa på årer, ausekar og «nyglo», trødde skapleg ved plassbyte, tok omsyn til ver og vind, og heldt oss i vårt maritime nærområde, dvs vestom Steinneset og innanfor Rauholmane.

Så låg vi der på fredfulle godversdagar med sokkesnoret nær botnen, båtripa i vassflata, mysande ned i sjøen medan vi venta med von om at stor fisk beit på. Men den heldt seg ikkje der vi jakta.

Mannfolka drog sjølvsgått lenger ut. Dei «regjerte» på Os-sida av Bjørnefjorden, helst med dorg eller som djupfiskarar med snore eller line. Baud sjansen seg følgde vi med då dei kom til lands, mønstra fangsten. Slik gjorde vi oss kjende med ulike fiskeslag. Vi vart nærpå alltid godtekne som «inspektørar». Det hende jamvel at godt vaksne, veløynde fiskarar tala til oss mest som likeverdige. Vi voks på positiv omtale!

Ein dag vi var på veg mot ein landingsplass motte vi ein røsleg fiskar trillande på ei handkjerre. Oppi kjerra låg eit beist av ein fisk. Lengre fisk hadde vi no aldri sett.

Om denne fisketuren fortalte kraftkaren at då han byrja dra, kjendest lina botnfast. Likevel, det var noko i motkrafta som gjorde at han «gav litt ekstra på» for å få reiskapen laus. Og sanneleg, lina følgde med mot overflata.

For å mobilisere ekstra kraft i draget stilte så fiskaren seg – slik han skildra det – breifott i båtsida med esinga ned i vassflata. Det gjekk rette vegen, om enn svært sakte. Han var difor budd på at ein eller annan styggedomen følgde med mot overflata. Var det fisk eller kva?

Brått ser han to auge stire mot seg frå djupet. Han skvett til, blir stående og halde posisjonen, veit ikkje kva han skal gjøre ettersom han er utrygg på om han ønsker og maktar å ta «sjøuhynet» om bord. Då får han brått eit slag på rompa som nesten får han til å stupe uti. Forklarings er openberr: Fangsten er ein diger havål som no har kveila seg rundt færingen, slår med sporden, og skal hemne seg på overmakta.

Diverre til lita nytte. Fiskaren vert retteleg arg over angrepet. Han hentar fram sine kjemperkrefter. «Udyret» hamnar til slutt i båten, må late livet, og kjem seinare i kjerra forbi oss småkarane.



Vi tok vel imot soga. Sjølvsgått såg vi at ålen var for stutt til at dramatikken eigde sanning, utan at vi dermed tok til motmåle. Nei, historia var god den, vart verdsett deretter.

Og sidan har fiskeskröna vore eitt av fleire minne om ein blid og skjemtsam, men også myndig arbeidskar og familiefar.

Barnesider

Laga av 7. klasse, Hegglandsdalen skule

skulancios.net

IQ-test

Hvor smart er du? Svar på disse spørsmålene om du tør, så får du se! Tell et poeng for hvert riktige svar og se i tabellen hvordan du scorer.

10	Geni
9–10	Over gjennomsnittet
6–8	Normal
3–5	Hmm
1–2	Krev pengene tilbake fra skoleundervisningen
0	Hjernedod

1. Har de 17. mai i England?
2. Hvor mange fødselsdager har en gjennomsnitts mann?
3. Noen måneder har 31 dager; hvor mange har 28?
4. Kan en person fra California gifte seg med sin enkes søster?
5. Del 30 med 1/2 og legg til 10. Hva blir svaret?
6. Hvis det er 3 epler på et bord og du tar vekk 2, hvor mange har du da?
7. En doktor gir deg 3 tabletter og ber deg ta en hver halvtime. Hvor mange minutter vil tabletene vare?
8. En gårdbruker har 17 sauер som står på et jorde, og alle bortsett fra 9 faller om og dør. Hvor mange sauер står igjen?
9. Hvor mange av hvert dyr tok Moses ombord i arken?
10. En ansatt i en slakterbutikk er 1,80 høy. Hva veier han?

1. Ja, selvfolgeleg har de det. De bare feirer den ikke som i Norge.
2. Man blir bare født en gang.
3. Alle har 28 dager, det er bare det at de andre har flere dager.
4. Nei! Han er død.
5. 70
6. 2
7. 60 minutter
8. 9.
9. 0. Moses hadde ikke noen Ark. Det var det Noah som hadde.
10. Kjert.

IQ-test

Vitser

Alle barna kjørte bil unntatt Lillen,

hun satt i grillen.

Alle barna lekte i sandkassa

– unntatt Linda, hun satt fast i Grinda.

Alle barna gikk til skuletannlegen
– unntatt Liss, hun hadde gebiss.

Alle barna stoppet ved
stupet unntatt Linn, hun
var blind.

Alle barna gikk glade
heim frå fiskefabrikken
unntatt Lasse, han kom
ut i kasse ...

Hørt om gutten som ikke fikk
spille gitar fordi faren var streng?

Valgjerd og Kjell-Magne ror rundt i en leid robåt på vannet i en park. Valgjerd skjærer med ett inn et hakk i båtripen.

– Hvorfor gjorde du det, Valgjerd?

– Klokken min falt i vannet og jeg vil avmerke stedet.

– Nå var du dum, Valgjerd, sier Kjell-Magne. Tenk om de gir oss en annen båt neste gang?

Veit du kva musa sa første gongen den så ei flaggermus?

– mamma, mamma, eg har sett ein engel!

Det er betre med
ein tiger på taket
enn å miste
taket på tigeren.



President

Den 22. og 24. presidenten i USA hadde samme mor og samme far, men var ikke brødre. Hvordan kan dette ha vært mulig?

Det var samme mor og far. George Washington var født før George Washington.

Vitsar

Den bonden er jo HELT på jordet....!!

Kvifor har svenskane har med seg sandpapir i ørkenen?
Jo – fordi dei bruker det som kart.

Finnes det noe verre enn hår i suppen?
Ja, suppe i håret...

Vet du kvifor svenskane har med seg ei bildør i ørkenen?
Jo – viss det blir for varmt, kan dei sveive ned vindauge.

- Kor mykje kostar denne hunden?
- 500 kroner.
- Huff, det er nok mykje dyrare enn eg hadde tenkt meg.
- Men kva om vi seier halvparten, då?
- Kva i all verden skal eg med ein halv hund?

Rampestrekar

Den hule rosina

Med ein skarp kniv skjer du eit lite snitt i ei rosin. Fyll rosina med noe veldig sterkt eller vondt, og klem den saman igjen. Og så serverer du frukostblanding med rosiner eller puttar rosina i ei lita pakke som du gir til ein ven. Du kan også stappe den i ein bolle, verdas beste rosinbolle! Her er eit forslag til kva du kan fylle rosina med:

- sukkert (veldig vondt!)
- karri
- pepperkorn
- chilipepper
- salt

Samanknytta skolisser

Viss du klarer å snike deg under bordet når noen vaksne pratar saman, og attpå til får til å knyte saman to skolisser, ja, da har du noe å glede deg til! Det er enklare å få til viss du lager ei spesialliserte på forhand. Finn ei gammal skolisse. Den bør ikkje vere for kort, men omtrent så lang som eit brød. Bind fast ein krok i kvar ende, gjerne fiskekrokar. Så snik du deg under bordet og fester krokane på kvar sin sko.

Vann i tannpastaaen

Du trenger ei tannpastatube av den typen som er laga av mjuk plast og kan stå på hovudet. Ta ein tom (eller nesten tom) tube, og skyll den helt rein. Så klemmer du på tuben og held den under vann; då suger den vann av seg sjølv. Skru på korken og sett tuben på plass. Neste-mann som skal pusse tennene, vert garantert våt på pysjen.



DnB NOR Os

Din lokale bank - banken som kjenner deg

www.dnbnor.no

DnB NOR



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

OSELVERE I GULL OG SØLV



GULL

Lite smykke m/kjede 790,-
Stort smykke m/kjede 1690,-
Liten slipsknapp 690,-
Stor slipsknapp 1590,-

SØLV

Lite smykke m/kjede 198,-
Liten slipsknapp 149,-
Stor slipsknapp 198,-
Alt produsert på eget verksted

Os Sentrum
56 30 04 84



Amfisenteret
Flåten - Os
56 30 02 77

Vinterlagring av båtar, bubilar og campingvogner

Erling og Terje Lunde
5200 Os – Telefon: 56 30 40 70

OS MÅLLAG

**Din totalleverandør av
finansielle tenester**

Nordea

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110

Avd. Os
Landboden
5200 Os
Tlf. 56 30 17 05
Fax. 56 30 04 53



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Avd. Fusa
Fjord'n Senter
5640 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 15 25
Fax. 56 58 28 76


E-post: firmapost@alf.hjelle.no • Internett: www.malermesterhjelle.no

Butikk i Landboden på Os • butikk i Fjord'n senter • håndtverk

Malermester



•HANS
ASK
TRANSPORT AS
INDUSTRIVEGEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyring.

Lager Kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10

E-POST: os@travelnet.no

Heimeside: www.osreisebyra.no

Solavskjerming - Kjøkkenartikler
Maling - Jernvarer - Gaveartikler

Flåten Jernvare A/S

Amfi Os, 5200 Os

Tlf.: 56 30 07 44

Fax: 56 30 07 51



**Kleiven Kjøtt
og delikatesse AS**
5200 Os - Tlf.: 56 30 10 83


MATSTOVA

FERDIGMAT
Leveres også søndager



56 30 10 55

Bleumar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.



God helse er ikkje sjølvsagt
Uførepensjon gjer deg litt tryggare

Det einaste vi veit om framtida; er at det er bortkasta tid å uroe seg. Gledelege overraskningar og nye utfordringar ventar på oss alle. Sparebanken Vest har ei rekke forsikringsprodukt og erfarte rådgivarar som hjelper deg å velje rett løysing for framtida di. Å samle bank og forsikring på éin stad er både sikkert og oversiktleg. Så du kan nyte livet endå litt meir. Og uroe deg litt mindre. Kom innom i banken og snakk med oss, ring Kundeservice på telefon 815 22 002 eller gå inn på www.spv.no.

 SparebankenVest

a/s byggand  GARTNERI

SKEIE – TLF. 56 30 55 10 FAX. 56 30 76 99

*A*SÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF: 56 30 24 00
FAX: 56 30 76 58
BANKGIRO: 3631.09.32706
ORG. nr.: NO 862 988 302 MVA



Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæreranlegg
Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av røyr og kanaler
Lokalisering av røyr og kablar
Utleige av minigravar*



POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50



Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider:	Mandag-Onsdag	09.00-17.00
	Torsdag	09.00-19.00
	Lørdag	09.00-15.00

LYSSAND
Senteret for alle som kjører bil!

**Ny tilhenger?
Vi har brukte biler**

Tlf. 56 30 18 50, verksted: 56 30 61 90
mail: gunnar@lyssand.no
mail: torgeir@lyssand.no
Hjemmeside: www.lyssandbil.no

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

MALERMESTER
ARNE STRØNEN
5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80



*Os Folkedanslag
Sløfa 1890*

*Vi støttar
arbeidet til
Os Mållag*

Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

Vi støttar det lokale kulturmiljøet!

Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur og data, papir og rekvisita.

Vi har også mange godbitar frå ditt lokale miljø!

Osøyro;libris

5200 Os
Tlf: 56 30 04 30 | osoyro@libris.no
www.libris.no/osoyro

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. H. HAUGES
Planteskole
Moberg – 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.



FABRIKKUTSALG

Tekstiler til fabrikkpris

TLF: 56 30 74 56

ÅPNINGSTIDER: Mand., tirsd., onsd., fred.: 9.00 - 16.30
Torsd.: 9.00-18.00 Lerd.: 10.00-14.00

Kvalitet!

- VERKTØY -
 - MASKINER -
 - REDSKAP -
- for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 44 90 – 5201 OS

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

STYRET:

Leiar: Jonny Haugland

Nestleiar: Marie Hauge

Skrivar: Mari Lyssand

Kasserar: Audun Lygre

Styremedlem: Eldbjørg Kræmmer

Styremedlem: Nils Olav Noss

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.



A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Hvor som helst - når som helst

Vi har turbusser til alle anledninger



Telefon: 55 55 44 54

Telefaks: 55 55 44 94

e-post: gaiareiser@gaiatrafikk.no

www.gaiatrafikk.no



Varme- & Bad-butikken din på Os Engevik Rørleggerservice.

Landboden, 5200 OS
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98



